

RETTLEIING I PRAKSIS

Handlings- og refleksjonsmodellen

Enhet for Læring
Det medisinske fakultet
Universitetet i Bergen
2021

Gjennom REFLEKSJON skal studenten/vegsøker lære noko om seg sjølv i ein situasjon ved å vurdere det som har skjedd og utforske handlingsalternativ.

Opne spørsmål →

Opne spørsmål som startar med spørreorda *kva, kvifor, korleis, kven, når, kvar,* er godt egna til bruk i rettleiing for å stimulere til refleksjon hos student/vegsøker.




Illustration by Freepik Storyset

- Be studenten førebu seg på ei hending frå praksis som har vore tankevekkande. Dette blir tema for samtalen
- Oppfordre studenten å skrive og sende deg eit refleksjonsnotat i forkant av møtet
- Set av god tid til møtet (30-60 min.) og finn eit skjerma rom
- Gi studenten alt fokus. Ver interessert og nysgjerrig og skru av mobil.
- Skap trygge rammar; Småprat, kaffe/te, bli kjend
- Forklar formålet med samtalen
- Still opne spørsmål
- La studenten prate og reflektere mesteparten av tida
- Spel vidare på det studenten seier. Døme: "Du seier du har tenkt mykje på denne hendinga i etterkant. Kva refleksjonar har du gjort deg?"
- Ikkje snakk om kva du tenkjer, men kva studenten tenkjer
- Mot slutten: få studenten/vegsøkaren til å fortelje korleis han/ho ser på hendinga no. Er det noko som har endra seg?

- Kva refleksjonar har du gjort deg rundt dette?
- Korleis hadde du det i den situasjonen?
- Kva tenkte du?
- Kva fekk deg til å tenke det?
- Kva kunne du gjort annleis?
- Kva føler du om denne situasjonen no? Kva er annleis?
- Kva har du lært av dette?

PRAKSIS



Introduksjonssamtale (forventingar, mål med praksis, gjennomgang av læringsutbytebeskrivingar. Kva meiner studenten er hans/hennar styrker og svakheiter?)

Rettleiingssamtale

Rettleiingssamtale

Rettleiingssamtale

Avsluttande samtale. Kva har studenten lært? Evaluering



Visste du at vi skil mellom rettleiing og supervisjon?

Rettleiing er ein planlagd samtale om det som HAR skjedd i praksis. Supervisjon er råd og refleksjonar som skjer medan ein arbeider, altså I praksisen

Til studenten:

- Rettleiingstimen er for at du skal lære og utvikle deg i yrket og som person. Det er ditt ansvar å kome med tema for rettleiingstimen og sende det til rettleiar i forkant av møtet. Du vel ei hending som du har opplevd i praksis og som du har tenkt mykje på.
- Det kan vere fornuftig å skrive eit refleksjonsnotat om hendinga før rettleiingstimen for å utfordre deg sjølv til å tenkje på denne hendinga frå ulike perspektiv.
- I refleksjonsnotatet bør du skrive noko om korleis du gjennomførte situasjonen, kva som gjekk bra i situasjonen, og kva du kan gjere neste gong du kjem i ein liknande situasjon. Kvifor gjekk det bra/dårleg?